

Frafjord, Norvald/Frafjord, Jan Arvid mfl.:

Lokale stadnamn i Frafjord utmark

Vinteren 2006 tok Norvald Frafjord initiativet til å setja namn på stadar i fjellsidene på Frafjordgarden. Han meinte det var viktig å skriva ned namna og koordinatfesta dei slik at desse kulturminna ikkje skulle gå i gløymeboka. Brorsonen Jan Arvid Frafjord fekk då i oppdrag å ta bilete av fjellsidene slik at ein kunne notera ned namna.

Så samla dei seg då, den eldre generasjonen på Frafjordgarden, i stova til Norvald og Ellinor og studerte bileta nøye. Det vart mykje diskusjon både om sjølve namna og plasseringa av dei. Men dei vart einige. Dei som deltok på dette gruppearbeidet var Norvald, Kåre, Birger, Jostein, Gerhard og Tor – alle med etternamn Frafjord.

Resultatet vart to biletsesiar, ein for sørsida av dalen og ein for nordsida av dalen. Det er Jan Arvid Frafjord som har teke alle bileta og sett namn på dei etter kvart som det vart semje i arbeidsgruppa.

[Biletserien \(pdf-fil\) på nordsida av dalen](#) går frå Kvarven og austover mot skiftet til Molaug, i alt 15 bilete. Sidan det er så mange namn her, er det sett tal på bileta der tala viser til nummer på ei [namnefil \(pdf-fil\)](#).

[Biletserien \(pdf-fil\) på sørsida av dalen](#) går frå Mulaen austover til Daurmålsjuet nær skiftet til Kommedal. Sidan det ikkje er så mange namn her, er namna skrivne direkte på bileta.

Samfunnet og levemåten har endra seg mykje det siste hundreåret. Det er kanskje ikkje lenger så viktig å kjenna til dei lokale stadnamna. Men alle desse namna er viktige då dei fortel noko om tidlegare tidars bruk av utmarka. Det arbeidet som Norvald og sambygdingane hans her har gjort, er av stor kulturhistorisk verdi og fortener mykje ros.

25. januar 2020
Per Terje Haaland



Kart som syner fjellsidene det er sett namn på.



Norvald, Kåre og Tor Frafjord. Foto 2006: Marit Frafjord.



Erling, Jostein, Birger og Gerhard Frafjord. Foto 2006: Marit Frafjord.